

Naiu.Super

Erlend Loe – ironigenerasjonens litterære ikon

☛ **Erlend Loe** vart fødd i Trondheim i 1969. I 1993 debuterte han med romanen *Tatt av kvinnen*. Med denne romanen og den etterfølgjande suksessen *Naiiv.Super* (1996) vart Loe ein av dei store litterære suksessane på 90-talet – omfanna av både publikum, kritikarar og litteraturvitarar.

☛ Mange peikte også ut Loe som ein talsmann for ein heil generasjon ungdom – da spesielt menn. Den nye ungdomskulturen på 90-talet var prega av ein ironisk distanse til verda og ei medvite naiv haldning til både samfunn og menneskelege relasjonar – ein generasjon unge som var utan opprørstrong eller lengt etter vaksenlivet. Dei ønskte å halde på barndom og ungdom lengst mogleg utan å måtte ta



Erlend Loe. Foto: Lise Åserud / NTB / Scanpix

innover seg Alvoret og forpliktinga som høyrer vaksenlivet til. Desse unge, ofte omtalte som *generasjon x* – ironigenerasjonen, levde også med ei visse om at dei i liten grad hadde bidrege til å utvikle det samfunnet og den velstanden dei levde i og opplevde som naturleg.

☛ Erlend Loe har skrive ei rekkje romanar. Han har også gitt ut fleire barnebøker i samarbeid med illustratør Kim Hiorthøy (1973–) og omsett dikt av den amerikanske lyrikaren Hal Sirowitz til norsk. I 2000 debuterte han

som manusforfattar med filmen *Detektor*. Seinare har han også vore invol-

vert i filmar som *Folk flest bor i Kina* (2002), *Nord* (2009) og *En helt vanlig dag på jobben* (2010). Debutromanen *Tatt av kvinnen* vart filmatisert i 2007 med Petter Næss (1960–) som regissør, mens *Kurt blir grusom*, bok nummer to i

i

Om *Detektor*
på NRK Skole

barnebokserien om truckføraren Kurt, vart animasjonsfilm i 2008.



Presseframsyning av animasjonsfilmen «Kurt blir grusom». Erlend Loe bakarst. Foto: Terje Bendiksby / SCANPIX
Øvst: To av bøkene om Kurt.
Foto: Jon-Are Berg-Jacobsen / Scanpix

Dei bitte små forteljingane

☛ Mens sentrale 80-talsforfattarar som Jan Kjærstad og Kjartan Fløgstad skreiv maksimalistisk, ordrikt og ekspanderande, er tekstane til Erlend Loe minimalistiske, ordfattige og nærast stikkordaktige. Ein kan seie at han med *Tatt av kvinnen* og *Naiiv.Super* så å seie punkterer den store 80-talsromanen. Og mens postmoderne forfattarar, etter «dei store forteljinganes død», ofte skriv om dei «små forteljingane», er romanane til Loe fulle av «dei bitte små forteljingane» – forteljingar som tilsynelatande er så enkle, kvardagslege og utan meining at dei umogleg kan danne utgangspunkt for ein heil roman. Men det er nettopp slike små episodar Loe byggjer det litterære universet sitt rundt.



*Erlend Loe om naivisme
på NRK Skole*

Gard B. Eidsvold og Helle Haugen i ei scene frå teaterstykket «Tatt av kvinnen». Foto: Erlend Aas / NTB / Scanpix



Mannen i krise

☛ I Loes debutroman *Tatt av kvinnen* møter vi for første gong den typiske Loe-karakteren: ein mann i 20–30-åra som slit med å finne meining i tilværet, og som har problem med krava som blir stilte til han som moderne mann. Den namnlause hovudpersonen opplever å bli invadert av ei kvinne – Marianne. Marianne veit akkurat kva ho vil, og korleis ho skal oppnå

måla sine. Den mannlege hovudpersonen blir deri-

i

Om «Tatt av kvinnen» på NRK Skole

mot framstilt som ein nærast viljelaus tøffelheld som ukritisk aksepterer Mariannes påfunn og føringar. I møte med den sterke postmoderne kvinna blir mannen rådlaus og ettergivande.

☛ Mens den namnlause hovudpersonen i *Tatt av kvinnen* kan lesast som ein typisk

representant for 90-talsungkaren, ein mann som slit med langvarige og seriøse forhold og forplikningar, står Andreas Doppler i romanen *Doppler* (2004)

i Om «Doppler» på NRK Skole

fram som ein representant for mannen som slit etter å ha innretta seg etter samfunnets krav om å etablere seg i eit A4-familieliv. Etter at faren døyr, opplever Andreas Doppler ei eksistensiell krise. Han innser at livet hans berre består av overflatiske forhold og prosjekt. Sine eigne barn kjenner han knapt, og samtalanene med kona handlar om oppussing og baderomsfliser.

☞ For å komme meir i kontakt med seg sjølv flyttar han ut i skogen. Her får han ein ny bestevenn – elgen Bongo. Det einaste Doppler saknar frå den moderne sivilisasjonen, er lettmjølk og sjokolade. Han bryt seg derfor inn i huset til ein mann som heiter Düsseldorf – han er



Foto: Roy Mangersnes / Samfoto / Scanpix

nemleg «en hund etter sjokolade». Düsseldorf og Andreas Doppler utviklar etter kvart vennskap, og særleg snakkar dei om forholdet til fedrane sine. Düsseldorf har nemleg eit stort prosjekt: Han rekonstruerer eit slag frå andre verdskrigen der far hans fall. Dette inspirerer Doppler til å lage ein totempåle som skal heidre minnet til hans eigen far.

Regresjon som kritikk

☞ Tekstane til Loe kan lesast som ein kritikk av det postmoderne mennesket og samfunnet. I møte med ei kompleks, uoversiktleg og til tider skremmande verd, reagerer Loes karakterar med avmakt, og ofte tilbaketrekking til ein enklare tilstand eller ei enklare verd. Dette ser vi både i *Doppler* og i den halvdokumentariske reiseromanen *L* (1999). Mens *Doppler* flyttar ut i skogen, reiser Erlend Loe og vennene hans til ei øy i varmare strok for å sleppe unna samfunnets krav og forpliktingar – særleg Statens lånekasse skremmer! Hovudkarakterane trekkjer seg tilbake til ei enklare naturverd der kampen for å overleve er det einaste dei må hanskast med. Kritikken av den postmoderne sivilisasjonen kan tolkast ut frå denne såkalla regresjonen til ein enklare måte å leve på.



Erlend Loe i ein Volvo lastebil.

Foto: Tor G. Stenersen / Aftenposten / Scanpix

☞ Også i romanar som *L*, *Muleum* (2007) og *Volvo Lastvagnar* (2005) er Loe oppteken av det som gir tilværet meining. Han rettar søkjelyset mot ei tilsynelatande overflatisk verd der menneska ikkje etablerer varige og nære forhold til kvarandre. Dei er redde forpliktingar og ekte engasjement – eit slikt engasjement og forpliktingar krev nemleg at vi investerer tid og kjensler, og dette verkar skremmande på Loe-karakterane.

Naiv.Super

☛ *Naiv.Super* er den store kommersielle suksessen til Erlend Loe, og er omsett til heile tjue ulike språk. Handlinga er tilsynelatande enkel – romanen handlar om ein ung mann som opplever ei eksistensiell krise etter at han taper for broren sin i krocket. Han gir opp studia og søker tilbake til barndommen. Saman med far sin går han rundar rundt barndomsheimen, han sparkar ball med ein fem år gammal gut som heiter Børre, og han bankar på eit Brio bankebrett. For ein heil generasjon lesarar vart dermed bankebrettet sjølve definisjonen på eksistensiell livskrise og ei alternativ løysing for å handtere ei slik krise.



Korleis skape meining i eit meiningslaust tilvære?

☛ Sjølv om handlinga tilsynelatande er enkel og litt «overflatisk», behandlar *Naiv.Super* store eksistensielle spørsmål. Hovudpersonen leitar etter ei meining i tilværet, og han prøver å finne strategiar som fungerer i ei kompleks og usikker postmoderne verd. For å takle kvardagen trekkjer han seg tilbake til det private og det barnlege – altså tilbake til å sparke ball og hamre på bankebrett. Bankinga skal hjelpe han med å tømme hovudet for tankar – for mange tankar blir ifølgje hovudpersonen berre masete. Hovudpersonen har stor tro på at bankinga skal hjelpe han med å finne meining i livet: «Hvis jeg banker tilstrekkelig lenge, vil jeg

*Erlend Loe med bankebrett.
Foto: Bjørn Reese / VG / Scanpix*



kanskje oppnå en følelse av mening på så vel globalt som personlig plan.» I forsøket på å skape meining og samanheng skriv han også lister – mellom anna lister over kva dyr han har sett, og ting han likte å gjere da han var barn.

☛ Hovudpersonen i *Naiv.Super* og i andre romanar av Loe, som *Tatt av kvinnen* og *Doppler*, prøver alle å finne måtar å takle den postmoderne røyndommen på. Det postmoderne samfunnet er prega av enorme valmoglegheiter og ein stor grad av fridom – du står fritt til å forme livet ditt, identiteten din og røyndommen din som du sjølv vil! Denne fridommen kan verke lammande. Korleis skal *eg* kunne skape meining i ei flytande og skiftande verd? For å takle ein total fridom, og ansvaret som følgjer med, vel altså karakterane til Loe ein slags regresjon – ei tilbakevending til eit tidlegare stadium. Loes karakterar vel det enkle og det barnlege

i møte med den store, opne og til tider skremmande verda.

☛ Eit anna sentralt spørsmål i forfatterskapen til Loe er i kva grad vi kan sjå ei forflating av livet og røyndommen: Når kven som vann eit brettspel i barndommen, blir like viktig som eit samlivsbrott, kva blir da ståande igjen som det verkeleg viktige og betydningsfulle i eige liv? Og kva gjer ei slik forflating av både kjensleliv og røyndomsforståing med menneska? Dette er spørsmål forfatterskapen til Loe reiser, og dermed plasserer han seg godt innanfor ein postmodernistisk tradisjon der nettopp dei ustabile menneskelege relasjonane og kampen om røyndommen blir granska.

Den «loeske» humor og stil

☞ Erlend Loes romanar er prega av ein særeigen og medvite naivisme – merkelappen *nynaivisme* har vorte brukt til å karakterisere tekstane hans. Underdrivingar og ironisk distanse er med på å streke under korleis karakterane ser på seg sjølve og forholdet sitt til omgivnadene. Den ironiske distansen til alt og alle speglar seg att i den manglande evna karakterane har til å la seg begeistre eller gå inn i eit prosjekt med hud og hår. Karakterane til Loe lèt seg sjeldan rive med eller provosere. Dei held fast på ei nærast likegyldig ro midt i dramatiske hendingar som samlivsbrott eller flyktrasj.

☞ Tekstane til Erlend Loe er alle prega av ei språkleg enkelheit – heilt frå setningsnivå til overordna komposisjon.

Han bruker ofte heilsetningar med eit munnleg preg. Som barnespråket er også Loes språk prega av mykje gjentakningar, og karakterane har ein tendens til å sortere komplekse kjensler og tankar i enkle kategoriar og kontrastar. Dette ser vi alle-reie i starten av *Naiiv.Super* når hovudpersonen fortel at han har «[...] to venner. En god og en dårlig». Også listene han skriv, har eit barnleg preg. Hovudpersonen blir uvel av å ha for mange tankar i hovudet samstundes, og dette barnlege blikket på ei komplisert verd er med på å gjere livet hans enklare. Språket er derfor eit viktig verkemiddel forfattaren bruker for å underbygge prosjektet til hovudpersonen – å freiste å gjere sitt eige liv enklare og rydde opp i komplekse tankar.

